

Reguleringsplan for Sørbø bustadfelt

(tidlegare del av g.nr/b.nr 32/5)

HYLLESTAD KOMMUNE

Plan datert: 26.10.04

Revidert:

Godkjent i Hyllestad
kommunestyre 17.11.04
som sak 102 / 04.

Reguleringsføresegner.

§ 1.

Det regulerte området er på planen vist med reguleringsgrense. Innanfor denne avgrensinga skal bebyggnaden plasserast med møneretning som vist på planen. Møneretninga vert rekna i huset sin lengderetning.

§ 2.

I område kan det verte oppført bustadhus i inntil 2 etasjar med tilhøyrande garasjar. Der terrenget etter bygningsrådet sitt skjøn ligg til rette for det, kan det for 1-etasjars hus tillatast innreidd underetasje i samsvar med føresegnene i byggjeforskriftene.

§ 3.

Garasjar skal tilpassast bustadhuset med omsyn til materialval, form og farge.

Frittstående garasje kan berre verte oppført i 1 etasje.

Garasje kan innanfor føresegnene i byggjeforskriftene, verte oppført i nabogrense.

Garasje si endelege plassering vert fastsett av bygningsrådet.

Plassering av garasje skal vere vist på situasjonsplan som fylgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasje ikkje skal førast opp samstundes med dette.

§ 4.

Bygningar skal ha saltak. Takvinkelen vert fastsett av bygningsrådet, som kan krevje at bygningar i same gruppe eller langs same vegstrekning skal ha lik takvinkel.

§ 5.

Bygningsrådet skal ved handsaminga av byggemeldinga ha for auge at bebyggnaden får ei god form og materialhandsaming, og at bygningar i same byggefeltet får ei harmonisk utforming. Farge på hus skal godkjennast av bygningsrådet.

§ 6.

Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, der særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor ramma av bygningslovgjevningen og bygningsvedtektene for Hyllestad kommune.